



PÅ SELLANRÅ: Juni Dahr og Gard B. Eidsvold i rollene som Inger og Isak, paret som skapte si eiga framtid på nybrotsstykket Sellanrå.

PRESSEFOTO

Godt sagt

” Om hausten skrythals, om våren smalhals.

ISLANDSK ORDTAK

■ Kulturbeitet

Voss Folkemuseum har ope kvar dag unnateke laurdag.

Dagestadmuseet har ope etter avtale.

Utstillinga i Galleri Voss: Gro Hege Bergan, måleri, står til 3. juni.

MAI

10. Ynsjekonsert med songkoret Trivnad i Nain. Dirigentar: Kåre Herfindal og Ragnhild Opedal.

12. Ynsjekonsert med songkoret Trivnad i Grimshalli på Kyte.

13. Ynsjekonsert med songkoret Trivnad i Grimshalli på Kyte.

14. Konsert med jentebandet Kombo på Utescenen, Prestegardslandet.

15. Konsert med Collegebandet Concordia i Voss Kino. Innslag av Voss Spelemannslag i konserten.

ARR: Voss Musikkråd.

18.-20. Vossakyrjemessa. «Barokken og Miltzow».

JUNI

2. Vangskyrkja. Minnekonsertar for Per Indrehus.

■ Kino

VOSS

Spider Man 3

I Spider Man 3 har Peter endelig funne balansen mellom kjærleiken til Mary Jane og pliktene som superhelt. Men når drakta hans plutseleg endrar seg og vert svart, endrar også Peter seg. Kreftene hans vert større, og ei mørk og hemngjerrig side av personlegdomen hans kjem fram. Filmen går torsdag, fredag og sundag. Aldersgrense: 11 år.

300

Kong Leonidas og dei 300 tapre spartanarane i fylgje med han står opp mot ein overveldande persisk hær for å gje dei greske allierte høve til å vinna eit avgjerande slag. Det blir ein demonstrasjon av heltemot, blod og ære – med ein uungåeleg slutt. Filmen går fredag og sundag. Aldersgrense: 15 år.

Storfelt teatersatsing

Toril og Johan Børsheim byr ulvikjer, gravensarar, vesser og alle andre på tre fantastiske teaterkveldar heime på låven.

Set av helga 3.-5. august først som sist. Og gjer deg klar til ei oppleving langt utanom det vanlege. Då byr nemleg ekteparet Børsheim inn til sjølvaste «Markens grøde», med Juni Dahr og Gard B. Eidsvold i rollene som Inger og Isak.

Einestående

Juni Dahr og Gard Eidsvold hadde stor suksess med «Låvetour 2006» på Austlandet i fjor. På seinsommaren startar dei opp «Låvetour 2007» på Børsheim, og dei tre framsyningane her er einaste staden denne einestående teateropplevinga vert å sjå på Vestlandet.

Dahr er nett no midt oppe i den hektiske prøve-innspurten på «Kirsebærhaven» av Anton Tsjekhov, på Den Nationale Scene, og stykket

har premiere på Småscenen 23. mai. Men mot slutten av sommaren er det rolla som nybrotskvinna Inger i Knut Hamsun sitt store epos som tel.

Det som gjer denne framsyninga av «Markens grøde» til slikt einestående teater er at dramaet berre vert framført på låvar kringom. Og det skal ikkje vera finstrigla og nyvaska driftsbygningar, men skikkelege levande låvar med sjel og innhald.

Stort lyft

For ekteparet Børsheim er dette eit stort løft, både økonomisk og praktisk. Dei tre framsyningane har ei kostnadsramme på nærare ein kvart million kroner, og det er tallause detaljar som skal på plass før teppet går opp 3. august. Men for Johan Børsheim – som sjølv har sett stykket – var valet enkelt.

– Eg las om framsyninga i diverse aviser og tok til å snusa på tanken om å få det til Børsheim.

Og no vert det ein røyndom. Kvar av dei tre kveldane skal det vera plass til i overkant av 200 gjester, vel plasserte på ferske og velluktande høyballar! Og Børsheim vonar folket kjenner si besøkstid, for det trengst kring 150 på kvar framsyning for at prosjektet skal gå i balanse.

Kvemmadokkje

Toril og Johan eig også husmannsplassen Kvemmadokkje, der dei etter kvart har tradisjon for å skipa til husmannstreff. Også denne første helga i august vert det opplegg i Kvemmadokkje.

– Då lagar me til enkle opplegg der på ettermiddag laurdag og sundag, før framsyningane i låven på kvelden. Men det vert ikkje full pakke i Kvemmadokkje, for den helga er det trass alt «Markens grøde» som er det viktigaste, understrekar Johan Børsheim.

NILS KVAMSDAL | tekst
nk@avisa-hordaland.no

Saftig tilbud – kun på lørdag:

Stor Beef Eater, kun 99,-
(ordinær pris 217,-)

Marinert biffkjøtt, bacon og løk.

Dolly-dagen 2007

DOLLY DIMPLE'S

pizza
pizza

Tilbudet gjelder ved spising i restauranten (ikke henting/levering). For bordreservasjon, ring 0 44 40 – velkommen!